



Arkivnr: 2017/2964-8

Saksbehandlar: Anne Vedvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.06.2017

### Krav om utsett iverksetting

#### Samandrag

I sak PS 141/2017, PS 142/2017, PS 143/2017 og PS 144/2017 fatta fylkesutvalet vedtak om tildeling av ruteløyve. Taxi 1 har påklaga vedtaka ved klage dagsett 09.06.2017. Taxi 1 er ikkje part i saka, men har rettsleg klageinteresse. Selskapet var høyringsinstans og har ruteløyve for flybuss. Den 12.06.2017 sette Taxi 1 fram krav om utsett iverksetting fram til klaga er ferdig handsama.

Taxi 1 meiner at dei nye vedtaka fører til usakleg forskjellsbehandling. Det er ikkje sett særskilte krav til miljøutslepp, slik det vart gjort i vedtak frå 2014 som gjaldt Taxi 1. Den gangen vart det stilt krav om at nyinnkjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor. I dag er det krav etter vedlegg 1 i køyretøyforskrifta og godkjenningsdirektivet at nye bussar og tunge køyretøy skal ha Euro VI-motor for å få godkjenning hjå Statens Vegvesen.

Fylkesrådmannen rår til at krav frå Taxi 1 om utsett iverksetting fram til klagebehandlinga er avslutta, vert avslått.

#### Forslag til avgjerd

Krav frå Taxi 1 AS om utsett iverksetting av vedtak om konsesjon til ruteløyve i fylkesutvalet sine saker PS 141/2017, PS 142/2017, PS 143/2017 og PS 144/2017 vert avslått.

Avslag på krav om utsett iverksetting er ei prosessleiande avgjerd som ikkje kan påklagast. Avgjerda er derfor endeleg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Med heimel i sommerfullmakt i Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune – Reglement for fylkesutvalet pkt. 4, gjer eg vedtak i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag.

Bergen 26.06.2017  
Pål Kårbø  
Fung. fylkesordfører

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.06.2017****Bakgrunn**

I sak PS 142/2017, PS 141/2017, PS 143/2017 og PS 144/2017 fatta fylkesutvalet vedtak om tildeling av ruteløyve. Dette gjaldt servicebussrute i Fjell kommune, den såkalla IKEA-bussen samt to ruteløyve mellom Lønningvegen og Bergen lufthamn.

Taxi 1 har påklaga vedtaka ved klage dagsett 09.06.2017. Taxi 1 er ikkje part i saka, men har rettsleg klageinteresse. Selskapet var høyringsinstans og har ruteløyve for flybuss.

Den 12.06.2017 sette Taxi 1 fram krav om utsett iverksetting fram til klaga er ferdig handsama. Selskapet meiner at dei nye vedtaka fører til usakleg forskjellsbehandling. I dei fire nye vedtaka var det ikkje sett særskilte krav til miljøutslipp, medan i vedtak frå 2014 som gjaldt Taxi 1, vart det stilt krav om at nyinnkjøpt vognmateriell skal ha Euro VI-motor.

**Rettsleg grunnlag**Forvaltningslova § 42. (utsatt iverksetting av vedtak).

Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å gå til søksmål eller har reist søksmål for å få vedtaket prøvd ved domstol, kan organ som nevnt utsette iverksettingen til det foreligger endelig dom. Det samme gjelder når en part eller en annen med rettslig klageinteresse akter å bringe eller har brakt en sak inn for Stortingets ombudsmann for forvaltningen. Anmodninger om utsetting skal avgjøres snarest mulig. For øvrig gjelder det som er bestemt i annen lovgivning om utsettende virkning av klage, søksmål m.m.

Det kan settes vilkår for utsettingen. Avslag på anmodning om utsetting skal være grunnlagt. Begrunnelse skal gis samtidig med avslaget.

**Grunngjeving**

Taxi 1 AS fekk konsesjon til å driva flybussrute ved fylkesutvalet sitt vedtak 20.05.2014. Det vart i vedtaket stilt krav om at nytt vognmateriell skulle ha Euro VI-motor.

I dag er det krav etter vedlegg 1 i køyretøyforskrifta og godkjenningdirektivet at nye bussar og tunge køyretøy skal ha Euro VI-motor for å få godkjenning hjå Statens Vegvesen. For vognmateriell som allereie er godkjent, gjeld dei krav som gjaldt på godkjenningstidspunktet. I røynda er krav til vognmateriell eins for alt nyinnkjøpt vognmateriell.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at utsett iverksetting av vedtaka må til for å sikra Taxi 1 sin interesser eller ålmenne samfunnsinteresser. Dersom det vert starta opp busstransport på konsesjonane som no er gitt, før klagebehandlinga er ferdig, kan vedtaka verta reverserte dersom klaga fører fram.

Fylkesrådmannen rår derfor til at krav om utsett iverksetting vert avslått.